



**Høgskulen
på Vestlandet**

BACHELOROPPGÅVE

Barn som opplever vald i heimen

**Children who experiencing domestic
violence**

Bachelor i barnevern

BSV5-300

**Avdeling for samfunnsfag/Institutt for barnevern, sosialt arbeid og
vernepleie**

25.05.2017

Tal ord: 8292

Kandidatnummer: 148

Sondre Solheim Langedal

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.

Abstract

Children who experiencing domestic violence has in the recent years become more visible to the public. Research shows that domestic violence affects children negatively on short and long term. This thesis is limited to deal about those children who witness violence between their parents. The purpose of the thesis is to find out whether children can develop trauma as a result of experiencing violence between their parents, and how children`s attachment becomes affected by this type of violence. The problem in this thesis is: how becomes children affected by experience domestic violence?

The method used in this thesis is literature study, which means that i based the thesis on already existing information. I have used relevant books, articles, research and other relevant sources to answer this thesis.

The study shows that experiences of violence between parents can overwhelm and traumatizing many children, but at the same time, children can react differently to such events. there are many aspects of the actual situation, the child and the caring environment that may affect whether children develop traumas or not. The study shows also a strong connection between children`s experiences of domestic violence and disorganized attachment. I also found that the degree of violence who child has experienced affect the attachment.

Innholdsliste

| | |
|---|----|
| 1.0 Innleiing..... | 4 |
| 1.1 Problemstilling og avgrensing | 4 |
| 1.2 Plan for oppgåva | 5 |
| 2.0 Metode | 5 |
| 2.1 Databasar og søkeord..... | 6 |
| 2.2 Presentasjon av litteratur og kjeldekritikk | 6 |
| 3.0 Teori | 8 |
| 3.1 Kva er vald..... | 8 |
| 3.2 Barn som opplever vald i heimen | 9 |
| 3.3 Valdsutsette mødrer | 10 |
| 3.4 Traumar..... | 10 |
| 3.5 Resiliens..... | 11 |
| 3.6 Tilknytning..... | 12 |
| 3.6.1 Tilknytningsmønster | 13 |
| 4.0 Drøfting | 14 |
| 4.1 Barn som opplever vald i heimen og traumar | 14 |
| 4.2 Barn som opplever vald i heimen og tilknytning..... | 19 |
| 5.0 Avslutning/Konklusjon | 22 |
| 6.0 Litteraturliste | 23 |

1.0 Innleiing

Barn som opplever vald i familien har i den seinare tid blitt løfta fram og synleggjort i det offentlege rom. Forsking er tydeleg i si sak, valden som føregår i heimen påverkar dei negativt både på kort og lang sikt (Justis og beredskapsdepartementet, 2014, s. 15). Mange barn og unge vert i dag utsette for ulike former for vald i eigen heim. Ei stor gruppe av desse barna vert også utsette for vald gjennom å vere vitne til vald mellom sine foreldre (Isdal, 2002 s. 49). Det er desse barna denne oppgåva vil omhandle, der målet vert å sjå korleis dette påverkar dei. NOVA gav i 2016 ut ein større norsk omfangsrapport om vald og overgrep mot barn og unge som viste at 8 prosent av dei ungdommane som var med i studien minst ein gong i løpet av oppveksten hadde sett eller høyrte at ein av deira foreldre hadde blitt utsett for fysisk partnervald (Prop. 12 S (2016-2017), s. 90-91). Desse tala syner at denne problematikken er til stades. Samstundes må ein ta høgde for at det kan skjule seg store mørketal bak denne rapporteringa. Skadane er ofte ikkje så lett synlege, noko som gjer det vanskeleg å avdekke om barn opplever ein slik form for vald i familien. Det vil difor vere av stor betydning at sosialarbeidaren innehar kunnskap om korleis barn og unge vert påverka i ein slik kontekst for å kunne forstå, og vere i stand til å hjelpe desse barna på ein best mogleg måte.

1.1 Problemstilling og avgrensing

Korleis vert barn påverka av å oppleve vald i heimen?

Barn som opplever vald i heimen er eit stort felt, difor har eg valt å gjere eit par avgrensingar. Denne oppgåva vil som sagt omhandle dei barna som er vitne til vald mellom sine foreldre. Dette har eg gjort fordi eg har høyrte mykje om korleis dei barna som sjølve vert utsette for fysisk vald vert påverka, men mindre om dei som faktisk opplever vald mellom sine omsorgspersonar. Difor synes eg det er nyttig, og ikkje minst spennande, å få meir kunnskap om desse barna. Vidare vil eg ta utgangspunkt i at det er mor som er den valdsutsette og far som er valdsutøvar. Eg vel dette fordi det føreligg mest dokumentert forskning kring denne vinklinga. Oppgåva vil bli ytterlegare avgrensa gjennom at eg tek utgangspunkt i tilknytning og traumar. Formålet med denne oppgåva er difor å finne ut om barn kan utvikle traumar av å oppleve vald mellom sine foreldre, samt å undersøkje korleis barn si tilknytning vert påverka av valden som føregår i heimen.

1.2 Plan for oppgåva

Oppgåva vil starte med at eg gjer greie for den metodiske framgangsmåten. Dernest kjem ein oversikt over kva databasar og søkeord eg har brukt. Til slutt i metodedelene vil det kome ein presentasjon over litteraturen eg har teke i bruk, og ein litteraturkritikk rundt den.

Når vi kjem over i teorikapittelet vil det bli gjort greie for vald, barn som opplever vald i heimen og valdsutsette mødrer. Gjennom dette vil eg forsøke å skape ei større forståing av kva vald er og korleis valden som føregår i heimen påverkar barna. Grunnen til at eg vel å ta med valdsutsette mødrer i teoridelen er fordi eg ønskjer å sjå korleis valden påverkar ho, og finne ut om dette kan verke inn på barnet si tilknytning. Vidare i teoridelen vil det bli gjort greie for sentrale trekk ved traumar, resiliens og tilknytning.

I drøftingsdelen vil eg først undersøke kva som kan påverke barn sine traumereaksjonar og sjå dette i samanheng med barn som opplever vald i heimen. Deretter vil eg drøfte korleis barnet si tilknytning vert påverka av vald i heimen.

2.0 Metode

Wilhelm Aubert (1985) definerer metode på denne måten:

«Ein metode er ein framgangsmåte, eit middel til å løyse problem og komme fram til ny kunnskap. Eit kva som helst middel som tenar dette formålet høyrer med i arsenalet av metodar» (sitert i Dalland 2012, s. 111).

Metoden fortel ein noko om korleis ein bør gå til verks for å bringe fram eller etterprøve kunnskap. Grunlaget for å velje ein metode er at den vil gje oss gode data og belyse spørsmålet vårt på ein fagleg interessant måte (Dalland, 2012, s. 111).

I denne bacheloroppgåva har eg valt å nytte litteraturstudie som metode. Litteraturstudie vil seie at ein tek utgangspunkt i allereie eksisterande kunnskap (Dalland, 2012, s. 228).

Grunlaget for at eg vel litteraturstudie er fordi det finst mykje god forskning og litteratur om barn som opplever vald i heimen som eg ønskjer å nytte i oppgåva mi. Ein skil også mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Denne oppgåva vil ha ei kvalitativ tilnærming, noko som inneber at ein går meir i djupna på eit tema for å få fram ein heilheitleg samanheng (Dalland, 2012, s. 113). Den kvalitative metoden tek sikte på å fange opp meining og oppleving som verken let seg talfeste eller måle (Dalland, 2012, s. 112)

2.1 Databasar og søkeord

Når eg skulle finne forskning og litteratur rundt temaet mitt tok eg i bruk både norske og internasjonale databasar. Dei databasane eg brukte var Oria, Academic Search Premier, Google scholar og Google. Eg nytta eit utval av søkeord i denne prosessen, og desse var: “Children witnessing intimate partner violence”, “Children witnessing domestic violence”, “Children of battered women” og “Barn vitne til vold”. Når eg leita etter forskingslitteratur var eg oppteken av at forskinga skulle vere fagfellevurdert. At forskning er fagfellevurdert vil seie at ekspertar innanfor fagområdet har vurdert og godkjent artiklane (Dalland, 2012, s.78).

2.2 Presentasjon av litteratur og kjeldekritikk

I denne delen av oppgåva vil eg presentere dei kjeldene eg har teke i bruk i denne oppgåva. Eg vil også gjere ei vurdering av kvaliteten bak denne forskinga og litteraturen. Ifølgje Dalland (2012) er alt som kan bidra i ei oppgåve kjelder. Når ein har funne kjelda er det og viktig at den vert vurdert i forhold til kvalitet og relevans for oppgåva (Dalland, 2012, s. 63). Samstundes er sjølve oppgåva si truverd og faglegheit avhengig av at kjeldegrunlaget er godt beskrive og begrunna (Dalland, 2012, s. 67).

Eg har i alt nytta fire studiar i denne oppgåva. Alle studiane er fagfellevurdert, noko som styrkar validiteten i større grad.

Den fyrste studien eg har nytta er: *Trauma symptoms among infants exposed to intimate partner violence* utført av G. Anne Bogat, Erika DeJonghe, Alytia A. Levendovsky, William S. Davidson & Alexander Von Eye (2006). Formålet med denne studien var å finne ut om 1 års gamle barn hadde symptom på traumar etter å ha vore eksponert for vald mellom foreldra i løpet av sitt første leveår. Forskarane ville også finne ut om traumereaksjonane kunne relaterast til barnet sitt temperament eller mor si mentale helse, samt om alvorsgraden av den valden barnet hadde opplevd kunne påverke forholdet mellom mor og barn. Respondentane i denne studien var i alt 48 valdsutsette mødrer og deira barn. Det var mødrene som rapporterte om barna og sine eigne traumereaksjonar. Styrken ved denne studien i forhold til oppgåva mi er at den har som formål å undersøke om barna har symptom på traumar etter valden mellom foreldra. Ein svakheit ved denne studien kan vere at den er basert på mødrene sine subjektive vurderingar av barna sine traumereaksjonar.

Den andre studien: *Trauma Symptoms in Preschool-Age Children Exposed to Domestic Violence* utført av Alytia A. Levendovsky, Alissa C. Hutch-Bocks, Michael A. Semel & Deborah L. Shapiro (2002). Denne studien undersøker om førskulebarn i alderen 3-5 år kan

utvikle traumesymptom etter å ha opplevd partnervald. Respondentane i studien er i alt 62 barn og deira mødrer. Denne studien er relevant for mi oppgåve fordi den har som formål å undersøkje om det var nokon samanheng mellom å oppleve vald i heimen og traumar.

Den tredje studien: *The effects of domestic violence on the stability of attachment from infancy to preschool* av Alytia A. Levendovsky, G. Anne Bogat, Alissa C. Huth-Bocks, Katherine Rosenblum & Alexander von Eye (2011). Dette er ein longitudinelt studie som undersøkte korleis stabiliteten av tilknytninga til barn i alderen 1-4 år vart påverka av ulike risikoforhold i familien. Dei ulike risikofaktorane som er tekne med i denne studien er låg inntekt, depresjon hos mor og partnervald. Deltakarane i studien var i alt 150 mødrer og 150 barn. Denne studien ser eg relevant for oppgåva mi fordi den undersøker påverknaden partnervald har på barn si tilknytning. I tillegg er det ein longitudinelt studie, noko som styrkar validiteten i større grad. Den svake sida ved denne studien i forhold til oppgåva mi er at det vert lagt vekt på fleire risikoforhold enn partnervald.

Den fjerde studien: *Disorganized Attachment Associated With Partner Violence: A Research Note* av Charles H. Zeanah, Barbara Danis, Laurence Hirshberg, Diane Benoit, Deborah Miller og Sheryll Scott Heller (1999). Denne studien omfattar 72 mødrer og deira 15 månadar gamle barn. Mødrene og barna kom frå familiar med svake økonomiske kår og fleire av mødrene i studien var også blitt utsette for vald frå sin partner. Formålet med studien var å sjå om nødssituasjonen og partnervalden kunne forbindast med tilknytninga mellom mor og barn, og barna sin mestringsmotivasjon. Eg meiner denne studien er relevant for oppgåva mi fordi den undersøker om partnervald kan forbindast med tilknytninga mellom mor og barn. Det som er mindre relevant er at den også undersøker om nød har samanheng med tilknytninga. I tillegg til tilknytning ser også forskarane på om nød og partnervald kunne forbindast med barna sin mestringsmotivasjon, noko som også er mindre relevant i denne oppgåva.

Eg har nytta både primær og sekundærlitteratur i denne oppgåva. Primærlitteratur er den opphavlege kjelda, og ved å nytte den sikrar ein seg i større grad mot andre sine feiltolkingar (Dalland, 2012, s. 86-87).

Ei av dei bøkene eg kjem til å bruke mest er Per Isdal si bok *meningen med volden*. Ei anna bok eg kjem til å nytte i store delar av oppgåva er *Barn som lever med vold i familien* av Unni Heltne og Per Øystein Steinsvåg. Andre sentrale bøker er *Barn og Traumer* av Atle Dyregrov, *Kunnskap og Kompetanse i Barnevernsarbeid* av Vigdis Bunkholdt og Ivar Kvaran. I tillegg til desse bøkene vil eg nytte ulike andre kjelder som eg meiner er relevant for mitt tema.

3.0 Teori

3.1 Kva er vald

Det finnst fleire definisjonar av vald. I denne oppgåva har eg valt å nytte meg av Per Isdal (2000) sin definisjon, og den lyder som følgjer:

«Vald er ein kvar handling retta mot ein annan person, som gjennom at denne handlinga skader, smerter, skremmer eller krenker, får den personen til å gjere noko mot sin vilje eller slutte å gjere noko den vil» (Isdal, 2000, s. 36).

Isdal (2000) sin definisjon formidlar vald som ei funksjonell handling som har eit mål om å påverke den andre personen. Handlingane av valden føregår mellom menneske, og essensen av dei er makt (Isdal, 2000, s. 36). Familien er eit maktsystem, og det er innanfor familielivet det førekjem mest vald. Dette kan forklarast med at valden har ein hierarkisk ordning ved at den går ovanfrå og ned, noko som vil auke risikoen for vald (Isdal, 2000, s.76-77). I eit familiesystem vil barna stå lengst nede i dette hierarkiet, og det vil dermed kunne vere dei som oftast vert utsett for valden, dei som vert ramma alvorlegast og dei som tek mest skade av den (Heltne og Steinsvåg, 2011, s.20).

Ifølgje Isdal (2000) er vald alle typar handlingar som påverkar andre gjennom at desse handlingane er smertepåførande, skremmande eller krenkande. Vald er difor eit svært omfattande fenomen som kan bli utøvd på ulike måtar. Isdal (2000) deler difor opp valden i fem undergrupper, og desse omtaler han som fysisk vald, seksuell vald, materiell vald, psykisk vald og latent vald (Isdal, 2000, s. 38-39). Fysisk vald inneber bruk av fysisk makt. Det kjem til uttrykk blant anna gjennom slag, sparking, risting m.m. Handlingane påfører dermed smerte for den utsette. Seksuell vald har ei spennvidde frå seksuell trakassering til brutal valdtekt eller seksuell tortur. Dette kan vise seg gjennom press og tvang til å utføre seksuelle handlingar som ein ikkje har eit ønskje om. Materiell vald oppstår når det vert gjort skade på inventar i heimen, til dømes ved å øydeleggje ein gjenstand for å skremme eller krenke den andre. Psykisk vald kan vere direkte truslar, indirekte truslar, audmjukande åtferd, isolering, emosjonell vald og utagerande sjalusi. Latent vald er når ein går rundt med ein redsel for at ein ny valdssituasjon kan oppstå. Dei tidlegare erfaringane gjer til at offeret vil gå rundt med ein kontinuerleg frykttilstand som vil medføre ein belastande kvardag fylt med stress. Dei tidlegare erfaringane kan også påverke personen si åtferd. Til dømes kan han eller ho lære seg å nytte strategiar i forsøk på å unngå at ein ny valdssituasjon oppstår (Isdal, 2000, s. 43-67).

Vald førekjem samstundes i ulikt omfang, difor skil ein mellom den som føregår episodisk og den som er gjentakande. Den gjentakande valden er regelmessig, kontrollerande og systematisk og representerer eit klart maktskilje mellom utøvar og utsett. Den episodiske valden vert ikkje utøvd med same hyppighet som den gjentakande og den har heller ikkje noko klart maktforhold mellom partane. Alle former for vald vil utgjere ein reell risiko for skade, men den valden som er gjentakande er truleg den som vil medføre dei mest djuptgripande skadane (Justis- og beredskapsdepartementet, 2014, s.5).

3.2 Barn som opplever vald i heimen

Barn som opplever vald i heimen er dei barna opplever vald som vert retta mot ein av deira omsorgspersonar (Øverlien, 2012, s. 23-24). Isdal (2002) viser til at barna opplever denne valden på fleire ulike måtar. For det første kan dei vere til stades i situasjonane og faktisk sjå det som skjer mellom foreldra. For det andre kan dei bevitne valden gjennom å høyre kva som skjer, som f. eks å ligge på rommet og høyre den skremmande verbale og fysiske valden. For det tredje kan dei sanse eller føle at valden har skjedd eller skal skje, moglegheita for nye valdsepisodar er alltid til stades, og desse barna merkar endringa og spenninga når noko nærmar seg. For det fjerde kan dei bli vitne til valden gjennom å sjå både dei fysiske og psykiske konsekvensane av den (Isdal, 2002, s. 54).

Å vere vitne til vald kan seiast å vere ei form for psykisk vald. I tillegg til at den skader, skremmer og smerter utgjer den ein trussel både direkte og indirekte. Men likevel vil den mest dominerande form for vald i valdsutsette familiar vere den latente valden. Grunlaget for dette er at dei utsette familiemedlemmene ofte lever under ein konstant frykt for at det kan oppstå nye valdssituasjonar (Heltne og Steinsvåg, 2011, s. 19). Dette påverkar barna på den måten at dei heile tida er på vakt og kjenner seg utrygge. Dei er svært redde for at valden skal oppstå igjen, difor forsøker dei å unngå dette gjennom å vere snille, pliktoppfyllande og greie. Den uforutsigbare valden har blitt ein del av kvardagen for mange av desse barna, men dei vert likevel slitne av å aldri vite kva som skjer i heimen, dei er aldri sikre på når pappa vil slå mamma igjen (Alternativ til vold, 2007, s. 4). Familievald er difor ein kronisk tilstadeverande faktor i mange barn sitt liv og den røkkar ved den grunnleggjande tryggleiken barn treng for å utvikle seg på ein god og tilfredstillande måte og er difor ei belastning utover den enkelte valdsepisoden (Heltne & Steinsvåg, 2011, s. 25).

3.3 Valdsutsette mødrer

Mange foreldre som er utsette for vald strevar med kroniske kjensler av skam og sjølvbebreiding, depresjonar og vedvarande svekka vanskar med affektiv regulering (Alternativ til vold, 2011, s. 10). I tillegg refererer Eriksen, Heltne & Steinsvåg (2011) til Levendovsky & Graham-Berman (2000a) si forskning som viser at heile 40% til 84 % av valdsutsette kvinner oppfyller kriteria til tilstanden posttraumatisk stressforstyrning (referert i Eriksen, Heltne & Steinsvåg, 2011, s.82).

3.4 Traumar

I denne delen av oppgåva vil eg sjå nærare på kva traumar er, og kva konsekvensar dette kan medføre for barn.

Traume kan seiast å vere overveldande og ukontrollerbare hendingar som inneber ei ekstraordinær psykisk påkjenning for dei som vert utsette for den (Dyregrov, 2000, s. 11). Ein person vert først traumatisert når hendinga sine konsekvensar er so sterke at han eller ho ikkje klarar å ta den innover seg. Barn vil ha større vanskar med å ta innover seg å forstå slike hendingar samanlikna med vaksne, med bakgrunn i deira manglande utvikling både emosjonelt, kognitivt, sosialt og personlegdomsmessig. Barn er difor langt meir sårbare for å bli traumatisert enn vaksne (Blindheim, 2012, s. 182-183).

Det som vert traumatiserande for ein person treng derimot ikkje vere det for eit annan, difor snakkar ein innan traumeforskning om potensielt traumatiserande hendingar. Ein kan dermed seie at traume ikkje er ei hending i seg sjølv, men heller hendinga sitt resultat (Allen 2001, referert i Wennerberg, 2011, s. 128). Det er vanleg å definere ei traumatisk hending utifrå at ein har vore utsett for den sjølv eller har vore vitne til at andre har vore utsette for den, men også hendingar der ein har blitt konfrontert med at ein nærståande person har blitt råka, f. eks i ei bilulykke, kan verke svært overveldande (Dyb & Øien Stensland, 2016, s. 46). Det å vere vitne til at ein omsorgsperson vert utsett for vald kan vere svært traumatiserande for mange barn (Dyregrov, 2000, s. 13). Slike hendingar kan representere ein trussel om tap av omsorgsgjevar, noko som truar barnet sitt grunnleggande behov for omsut og tryggleik. Vissheita om at valden kan oppstå igjen kan skape ein konstant frykt, utryggleik og uforutsigbar kvardag for desse barna (Dyb & Øien Stensland, 2016, s. 48). Den valden som barn opplever i heimen kan difor forståast som potensielt traumatiserande hendingar (Øverlien, 2012, s. 24).

Det er visse typar traumereaksjonar og symptom som kan vise seg umiddelbart og i etterforløpet av ei traumatisk hending. Desse vert samla i diagnosen posttraumatisk stressforstyring (Varvin, 2010, s. 413). Reaksjonane kan blant anna vise seg gjennom gjenoppleving av den traumatiske hendinga som kjem til uttrykk gjennom flashbacks, mareritt og hallusinasjonar. Vidare vil det vere vanleg med unngåing av stimuli som er forbunde med traumet. Dette kan vere tankar, følelsar og aktivitetar som minner om hendinga som i sin tur kan føre til ein minskt interesse i omgjevnadane, innskrenka følelsesliv og tilbaketrekking frå andre menneskjer. Vidare vil personen kunne streve med vedvarande symptom på auka irritabilitet og skvettenheit, noko som kan vise seg i form av søvnevanskar, auka fysiologiske reaksjonar og konsentrasjonsvanskar m.m (DSM-IV 1994, referert i Varvin, 2010, s. 414).

I kva grad barn tek skade av traumatiske erfaringane vil også kunne avhenge av om dei vert utsette for ei enkelthending eller ei rekke med traumatiske opplevingar (Dyregrov, 2000, s. 13). Det er difor naudsynt å skilje mellom dei enkeltståande og dei komplekse traumane. Skilnaden på desse er at enkeltraumane skjer ein gong, som ved naturkatastrofar eller ulykker, medan dei komplekse traumane er vedvarande traumatiske hendingar som ved repeterande barndomsopplevingar av psykiske, fysiske og seksuelle overgrep eller mishandling (Killèn, 2015, s. 159). Vald som føregår i dei nære relasjonar er ofte tilbakevendande (Castello et al., 2002, referert i Øverlien, 2012, s. 24). Vedvarande traumatiske opplevingar vil igjen auke risikoen for at eit barn vert traumatisert (Wennerberg, 2011, s. 129). Komplekse traumar i barndommen kan ha ein djuptgripande effekt på barn si utvikling. Gjentekne krenkingar i tidleg barndom kan medføre endringar i hjernen som påverkar barn sitt tilknytningssystem, tenkemåte, følelsesregulering og handlingsmønster (Killèn, 2015, s. 158). Mange av desse barna strevar med ulike vanskar som angst, depresjon, åtferdsvanskar, søvnevanskar, høg indre aktivering og dårlege evner til sjølvregulering. Dette vil igjen påverke deira sosiale fungering med jamnaldrande, evne til læring og skulesituasjon (Braarud & Raundalen, 2011, s. 47).

3.5 Resiliens

Resiliens er eit viktig omgrep å ta høgde for hos barn som opplever vald i heimen. Fleire studiar har nemleg vist at svært mange av dei barna som opplever vald i heimen ikkje har hatt målbare symptom eller reaksjonar på det tidspunktet målingane har blitt gjort (Martinez-Torteya 2009; Magen 1999, referert i Øverlien, 2012, s. 39). Resiliens handlar om at barnet har ein god psykososial fungering til tross for at han eller ho har opplevd erfaringar av stor

risiko. Det handlar dermed om barn si motstandskraft mot å utvikle psykiske vanskar. For at ein skal kunne snakke om resiliens må barnet ha opplevd f. eks kriser eller truande omgjevnadar som representerer ein risiko for eit uheldig utfall. Forhold ved barnet vil kunne vere ein beskyttande faktor, men vil likevell ikkje vere nok til å oppnå resiliens i seg sjølv. Dette vil igjen avhenge av forhold ved det miljøet barnet har rundt seg. Resiliens oppstår difor først gjennom eit samarbeid mellom barnet sine individuelle eigenskapar og miljøet sine eigenskapar (Borge, 2010, s. 11-15). Barn si motstandskraft er noko som vert utvikla over tid i eit omsorgsfullt miljø. Fleire forhold kan difor påverke barn si motstandskraft. Dette kan vere blant anna individuelle eigenskapar som sjølvtilitt og sjølvstendighet, ein personlegdom som utløyser andre si hjelp og omsut, humor, evne til å forstå kva som skjer, men også god støtte frå familie og venner samt nære forhold til ein eller fleire vaksne vil vere av fundamental betydning (Dyregrov, 2000, s. 94-95).

3.6 Tilknytning

Her vil eg sjå nærare på kva tilknytning er, forskjellige tilknytningsmønster, og kva som kan påverke tilknytninga.

Tilknytning tek til allereie ved livets start og kan seiast å vere det aller første følelsesmessige bandet som barn knyter til nærståande vaksne (Wennerberg, 2011, s.11). Det handlar om den spesielle kontakten som oppstår mellom barnet og nære omsorgspersonar (Håkonsen, 2014, 46). Ein av dei største teoretikarane bak tilknytningsteorien, John Bowlby (1969), meinte tilknytning kunne forklarast som barnet sin motivasjon for å søke trøyst og beskyttelse hos sine omsorgspersonar, enten ved seperasjon eller når noko i miljøet gjorde det skremd eller engsteleg (referert i Moe, Slinning, og Bergum Hansen, 2010, s. 286). Ifølgje Bowlby sin tanke er barn biologisk predisponert til å nytte foreldra som ein trygg base som dei kan utforske frå og søke tilflukt hos når dei føler seg trua. For å oppnå og /eller vedlikehalde denne kontakten med omsorgspersonen tek barnet i bruk det ein kallar tilknytingsåtferd. Dette kan komme til uttrykk i form av blick, gråt, smil osv. Den responsen omsorgsgjevar gir barnet formar det samspel- og tilknytningsmønsteret som utviklar seg i barnet sine første leveår (Killèn, 2015, s.130). Med bakgrunn i dei tidlege samspels erfaringane med omsorgspersonen utviklar barnet det ein kallar indre arbeidsmodeller. Dei indre arbeidsmodellane ledar barnet i korleis dei oppfattar seg sjølve og sine omsorgsgjevarar, men dei dannar også ein oppfatning av kva barnet forventar seg av andre menneskjer (Killèn, 2015, s. 106). Barnet utviklar på den måten ein tillit eller ein mistillit til omverda avhengig av om deira grunnleggande følelsesmessige og fysiske behov vert dekkja på ein tilfredsstillande

måte (Killèn, 2015, s.130). Det er difor heilt naudsynt for eit barn å ha ein stabil, god og kontinuerleg relasjon til ein omsorgsperson. Mangel på ein slik relasjon vil ifølgje Bowlby kunne få negative følgjer for barn si helse og vidare utvikling (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 71).

3.6.1 Tilknytningsmønster

Bowlby var samstundes klar på at alle barn vil knyte seg til sine omsorgsgjevarar uansett korleis dei vert behandla. Dette er noko dei er nøydde til å gjere for å kunne overleve meinte han, men samstundes vil dei knyte seg til sine omsorgspersonar på forskjellige måtar avhengig av det følelsmessige samspelet mellom dei og omsorgspersonen (Killèn, 2015, s. 105). Mary Ainsworth og hennar kollegaer (1978) klassifiserte spedbarn si tilknytningsåtfærd i tre ulike tilknytningsmønster. Desse vert kalla trygg (type B) og to utrygge, den unnvikande, type A, og den ambivalente, type C. I ettertid har Main og Soloman (1990) lagt til enda ein som vert kalla desorganisert tilknytning, (type D) (referert i Moe et al., 2010, s. 288-289). No skal vi sjå litt nærare på kva som kjenneteiknar dei ulike tilknytningsmønster.

Barna som har utvikla trygg tilknytning (type B) er vaksne opp med stabilt gode omsorgsvilkår der omsorgsgjevarar har vore tilgjengelege, sensitive og aksepterande. Omsorgsgjevarane representerer både ein trygg base og ein reguleringstøtte som barnet kan komme attende til og få trøyst og beskyttelse. Dette bidreg til at barnet kjenner seg forstått og ivareteken. Etter kvart vil dette hjelpe barna til å kunne regulere sine egne følelsar (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 72).

Barn med utrygg, ambivalent tilknytning (type C) har hatt foreldre som har vore ustabile og uforutsigbare i tilgjengelegheita og sensitiviteten i omsuta til barnet. Omsorgspersonane er i hovudsak meir opptekne av kva barna tykkjer om dei enn motsett. Barna vert difor usikre på korleis dei skal kunne få merksemd og omsut frå omsorgspersonane. I eit forsøk på å oppnå kontakt kan dei difor reagere med kraftig overspelte reaksjonar i form av provokasjonar, kraftig skriking og gråt. Gjennom desse kraftige reaksjonane skapar barna ein tryggleik for seg sjølv (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 72).

Barna med det utrygge, unnvikande tilknytningsmønsteret (Type A) har hatt foreldre som i liten grad har vore tilgjengeleg eller sensitive i forhold til barnet. Omsorgspersonane har tvert om vore likgyldige og avfeiane. Følelsane som barna viser kan skape irritasjon og redsel hos omsorgspersonen, noko som fører til at dei distanserer seg frå barnet. For å overleve distanserar også barna seg frå foreldra, samt responderer dei med å underspele sine egne

behov og følelsar. Ved å ta avstand frå omsorgspersonen skapar desse barna ein tryggleik for seg sjølv (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 72-73).

Som ein kan sjå so langt har barna innanfor dei tilknytningskvalitetane eg har nemnt faste strategiar for å skaffe seg ein form for tryggleik. Desse kvalitetane vert difor kalla organiserte og er tilpassa den faste typen samspel som dei er ein del av (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 73).

Barna som høyrer til kategorien desorganisert tilknytning (type D) har ikkje høve til skape seg tryggleik slik som barna i dei andre kategoriene på grunn av at dei ikkje har organiserte strategiar. Grunnlaget for det er at omsorgspersonane har vore følelsesmessig utilgjengelege, uforutsigbare og ustabile, men også trua eller truande. Dette er omsorgspersonar som sjølve har vore utsett for vald og eller andre typar overgrep. Dei vanskane som føregår hos far eller mor skapar same vanskar hos barnet (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 73). Desse barna kan difor vise ei forvirra åtferd, til dømes gjennom å «fryse til» i spesielle stillingar. Denne tilstanden vert ofte sett på som «frykt utan løysing» fordi dei på sett og vis ikkje veit korleis dei skal handle ovanfor foreldra. Dette vert tolka til å vere eit teikn på at dei har opplevd foreldra som ein alvorleg trussel men likevel einaste kjelda til tryggleik (Moe et al., 2010, s. 289)

Torsteinson (2011) viser til at kvaliteten på barnet si tilknytning er svært viktig i forhold til at den påverkar hjernen si utvikling, påverkar læring av sjølvregulering og læring av sosial åtferd. I tillegg til dette påverkar den danninga av forventningar og forståing av seg sjølv og andre som nemnt ovanfor (Torsteinson, 2011, s. 73).

4.0 Drøfting

4.1 Barn som opplever vald i heimen og traumar

I teoridelen har eg forklart kva traumar er og kva konsekvensar dette kan få for barn. For å finne ut om barn kan utvikle traumar av å oppleve vald i heimen vil eg no sjå nærare på kva som kan påverke barn sine traumereaksjonar, og sjå dette i samanheng med dei barna som opplever vald i heimen.

Ein studie utført av Bogat, DeJonghe, Levendovsky, Davidson & Von Eye (2006) fann at nær halvparten av dei 1 års gamle barna som var med i studien minst hadde eitt symptom på traume etter at dei hadde opplevd partnervald i løpet av sitt første leveår (Bogat et al., 2006). Dette visar at barn kan få traumar av å oppleve vald i heimen, men studien viser også at dei

fleste ikkje utvikla traumesymptom. Dyregrov (2000) meiner det er naturleg at barn vil reagere forskjellig på traumatiske hendingar når ein tek i betraktning alle dei forhold som kan innverke på barnet sine reaksjonar. Han meiner at desse forholda kan delast inn i tre grupper: Det første forholdet er ved situasjon, det andre forholdet er ved barnet og det tredje er ved omsorgsmiljøet (Dyregrov, 2000, s. 85).

Situasjonsforhold handlar om kva varsel barnet fekk om situasjonen, kor forberedt han eller ho var, kor vanskeleg situasjonen var å forstå og forhalde seg til, samt styrken i hendinga. Det sistnemnde forholdet handlar om kor nær barnet var, intensiteten i intrykka, og kva grad av livstrussel barnet vart utsett for (Dyregrov, 2000, s. 85). Valden som føregår i heimen er ofte svært uforutsigbar, barna har vanskar med å forstå det som skjer mellom dei vaksne når valden føregår. I desse situasjonane kjenner dei seg makteslause og sterke kjensler som fortviling, redsel og angst melder seg. For nokre vil det til og med bygge seg opp eit stort sinne (Alternativ til vold, 2007, s. 4-6). Ifølgje Isdal (2002) er effekten av å vere vitne til at mor vert utsett for vald av far like skadeleg som om dei sjølve skulle vore utsette for vald. Når nokon skadar ein person som barnet er nær knytt til og glad i, så skadar dei også barnet sjølv. Dersom den som er opphavet til valden i tillegg er barnet sin far vert opplevinga enda vanskelegare (Isdal, 2002, s. 49). Relasjonen til utøvar, og kva barnet er vitne til vil kunne påverke barnet sine traumereaksjonar, men også kor nær barnet er valdssituasjonen vil ha stor betydning (Pynos 1993, referert i Dyregrov, 2000, s. 85). Hyden (1995) og Christensen (1988 og 1990) sine funn i forskingsprosjekt «Oppvækst og børnekår» viser at barn i stor grad er til stades under valdsepisodane mellom foreldra (referert i Heltne og Steinsvåg, 2011, s. 21). Samstundes må ein ta høgde for at grad av alvor og lengde rundt valden vil kunne ha innverknad på barnet sine reaksjonar (Pynos 1993, referert i Dyregrov, 2000, s. 85). Dette harmonerer med eit av funna i studien til (Bogat et al., 2006) som blant anna fann at dei barna som hadde utvikla traumesymptom hadde blitt eksponert for ein alvorlegare grad av vald samanlikna med dei barna som ikkje viste symptom på traume (Bogat et al., 2006).

Korleis foreldra opptrer vil også vere av betydning for korleis barnet opplever situasjonen. Foreldre som oppfører seg roleg og samla vil kunne dempe barnet sin angst, både i situasjonen og i ettertid (Dyregrov, 2000, s. 86). Dyregrov (2000) viser til at truande situasjonar saman med foreldre som held seg rolege vil kunne verke ubehageleg og stressande, men treng ikkje nødvendigvis føre til ei traumeoppleving. Same situasjonen kan derimot opplevast traumatisk dersom barnet opplever valden aleine eller saman med foreldre som er svært urolege (Dyregrov, 2000, s. 12). Vald har derimot den dynamikken at den fangar

foreldra si merksemd. Far vert fanga av sin avmakt og raseri og mor vert fanga av sin angst. Isdal (2002) hevdar at desse kjenslene gjer det vanskeleg å sjå barnet (Isdal, 2002, s. 54). Dersom foreldra ikkje klarar å handtere situasjonen kan reaksjonane og åtferda deira derimot bli ei enda større belastning enn den traumatiske hendinga (Dyregrov, 2000, s.60).

Ein studie utført av Levendovsky, Hutch-Bocks, Semel & Shapiro (2002) viste at alle førskulebarna i studien hadde minst eitt symptom på traume etter at dei hadde blitt eksponert for vald mellom foreldra. Sjølv dei som ikkje var direkte vitne til valden mellom foreldra hadde utvikla symptom på traume (Levendovsky et al., 2002). Dette visar at barn ikkje treng å vere direkte til stades når valden føregår for å oppleve den som traumatisk. Som eg tidlegare har vore innom opplever dei valden på fleire ulike måtar. Det å høyre valden kan i enkelte tilfelle vere enda verre enn det å sjå han. Redselen og frykta for tap av tilknytningsperson kan vekke sterke sanseintrykk og verke svært skremmande og overveldande (Isdal, 2002, s. 54).

Forhold hos barnet vil kunne påverke i kva grad barnet toler stressande situasjonar. Blant anna kan barnet sin personlegdom sjå ut til å påverke korleis dei handterer vanskelege situasjonar. Amirkan, Risinger og Swickert (1995) si forskning visar nemleg at utadvendte barn handterer kritiske situasjonar betre ein dei barna som er innadvente (referert i Dyregrov, 2000, s. 86). Dette har truleg ein samanheng med at dei utadvendte barna er i betre stand til å nyttiggjere seg hjelp og støtte frå sine omgjevnadar enn dei som er innadvendte. På den andre sida kan ein utadvent personlegdom utgjere ein risikofaktor, då desse barna kan komme til å oppsøke farlege situasjonar (Dyregrov, 2000, s. 86).

Barn sine medfødde anlegg og disposisjonar og tidlegare erfaringar spelar også ei viktig rolle i forhold til barn sin stresstoleranse (Dyregrov, 2000, s. 86-87). Forsking viser blant anna at barn som har vanskeleg temperament gjennom at dei er impulsive, utagerande intense og svingande i humøret i større grad vil kunne få vanskar etter stressande situasjonar enn dei barna som har eit rolegare lynne (Carson & Bittner, 1994, referert i Dyregrov, 2000, s. 83). Dodge og Petit (2003) hevdar vidare at barnet si evne til kognitiv og emosjonell bearbeiding av informasjon, og han eller ho si tileigning av kunnskap og sosial informasjon vil kunne påverke korleis barnet vil klare seg etter traumatiserande hendingar (referert i Braarud & Raundalen, 2011, s. 50). Dette har truleg ein samanheng med at desse barna i større grad vil kunne forstå det som har skjedd og dermed ha lettare for å kunne bearbeide hendinga.

Dei tidlege tilknytningsrelasjonane formar også eit barn sine evner til å handtere stress (Wennerberg, 2011, s, 213). Gjennom eit samspel med sensitive omsorgspersonar utviklar

barnet eit godt sjølvbilete og ei kjensle av eigenverdi og ein kapasitet for meistring i forhold til sine omgjevnadar, noko som vil kunne verne dei mot seinare traumatiske hendingar (Dyregrov, 2000, s. 94-95). Ei trygg tilknytning i den tidlege barndom vert difor sett på som ein vernande faktor i denne samanhengen (Egeland, Carson & Sroufe, 1993, referert i Dyregrov, 2000, s. 94). Dersom barnet derimot opplever lite sensitive omsorgspersonar og belastningar i den tidlege omsuta kan dette føre til ei utrygg tilknytning. Dette kan medføre at barnet si motstandskraft vert minska (Dyregrov, 2000, s. 94). Wennerberg (2011) hevdar at di meir utrygt eit barn er i si tilknytning, desto større risiko er det for at potensielt traumatiserande hendingar kan føre til varige psykologiske symptom. Dersom barnet har ein desorganisert tilknytning inneber det i sin tur ein ytterlegare risiko for psykopatologi (Wennerberg, 2011, s. 27).

Vidare vil den psykiske tilstanden til barnet kunne vere av betydning for korleis dei klarar seg etter ei traumatisk hending. Til dømes vil eit barn som var engsteleg før den traumatiske hendinga fann stad, ha ein større risiko enn andre for å kunne bli skremd og vidare få forsterka sin angst (Lonigan 1994, referert i Dyregrov, 2000, s. 87).

Dyregrov (2000) påpeikar også at barn kan lære seg å meistre vanskelege situasjonar og at dette vil kunne påverke deira direkte reaksjon på ei traumatisk hending (Dyregrov, 2000, s. 87). Barn som opplever vald i heimen nyttar mange strategiar for å overleve valden. Strategiane barna tek i bruk kan variere. Alternativ til vold (2007) viser til at nokre barn vert svært urolege og får meir merksemd over på seg slik at det vert mindre fokus på valden, andre kan bli heilt stille og usynlege for ikkje å provosere til meir vald. For å takle den pågåande valden mellom foreldra skrur mange av desse barna av kjenslene sine. Dei kan kople ut vanlege reaksjonar som f. eks panikk, det gjer i sin tur til at dei vert kjenslemessig numne. Det kan då verke som dei ikkje reagerer, men det betyr det motsette, valden verkar svært truande og farleg for barna likevel. For å skape ei meining i valden legg også barna ofte skulda på seg sjølve for det som skjer mellom foreldra (Alternativ til vold, 2007, s. 6). Desse overlevingstrategiane er i utgangspunktet heilt naudsynte, men over ei tid kan dei utgjere ei kjelde til destruktiv åtferd og alvorlege psykiske plager (Heltne & Steinsvåg, 2011, s. 19).

Det siste forholdet som kan verke inn på barnet sine traumereaksjonar omfattar omsorgsmiljøet. Dyregrov (2000) viser til at det i enkelte tilfelle kan vere familiemedlemmer som er opphavet til den traumatiske hendinga. I desse tilfella vil familien kunne representere ein risikofaktor (Dyregrov, 2000, s. 87). Dette er sjølvsaugt tilfelle ved vald i heimen når far utøver vald mot barnet si mor. Isdal (2002) hevdar at barn vert prega av kvar enkelt hending

der far utøvar fysisk vald mot mor. Desse hendingane verkar svært overveldande for barna og kan føre til at dei vert traumatiserte (Isdal, 2002, s. 53). Dersom barna er vitne til gjentekne episodar av vald mellom foreldra kan det føre til at barna vert alvorleg traumatiserte fordi dei er ikkje er i stand til å bearbeide traumet før dei vert utsette for eit nytt tilfelle (Caroll, 1994, referert i Killen, 2015, s. 53). Dersom foreldra i tillegg har andre belastningsfaktorar, som til dømes alkoholmisbruk, arbeidsløyse eller psykiske vanskar, kan dette igjen auka moglegheita for at barnet vert traumatisert, samt minske sjansane for at barnet greier å bearbeide traumet (Dyregrov, 2000, s. 87). Isdal (2002) viser til Holden, Geffner og Jouriles (1998 kap. 2-4) sin forskingsgjennomgang som fann at barn som var vitne til vald i heimen var i ein sterk risikosone for å oppleve andre typar traumatiske oppvekstvilkår. Blant anna fann dei at desse barna i større grad vart eksponerte for alkoholmisbruk, sjukdom og depresjon av sine foreldre (referert i Isdal, 2002, s. 54).

I kva grad foreldra tek innover seg og anerkjenner barnet sine opplevingar og reaksjonar, samt kor mykje dei kommuniserer rundt hendinga, vil også kunne påverke utfallet (Dyregrov, 2000, s. 60-61). Vald i heimen er derimot ofte skam- og skuldbelagt, noko som vil kunne føre til at foreldra vegrar seg for å ta innover seg at barnet lir under valden (Isdal, 2002, s. 54). Leira (1990) visar vidare til at vald i familien i stor grad vert nekta for og hemmeleghalde, både i og utanfor familien, noko som gjer til at det vert lite kommunikasjon rundt hendinga (referert i Heltne og Steinsvåg, 2011, s. 21). Desse faktorane kan i sin tur auke barnet sine vanskar (Dyregrov, 2000, s. 87).

Støtte frå familie og det øvrige nettverket kan også vere viktige kjelder for korleis barnet kjem seg gjennom tida under og etter ein traumesituasjon (Dyregrov, 2000, s. 88). Familiar i risiko og omsorgssviktsituasjonar manglar ofte nettverk og nokre har også eit sosialt belasta nettverk eller eit konfliktfyllt forhold til det. Nettverket kan soleis representere både ein ressurs og/eller ein ytterlegare belastning. At barnet har tilknytning til ein vaksen utanfor familien kan likevel ha ein avgjerande betydning for han eller ho si meistring og utvikling (Killen, 2015, s. 260). For mindre barn vil foreldra vere dei næraste samtalepartnarane, men di eldre barnet vert vil også det å ha ein god venn å tru seg til vere av stor hjelp under og etter ei traumatisk hending (Dyregrov, 2000, s. 76). Samstundes er det slik at nokre av dei barna som lever med vald i heimen misser kontakten med viktige støttespelarar som besteforeldre, onklar, tanter og anna nettverk fordi valdsutøvar ikkje ønskjer at valden skal oppdagast (Alternativ til vold, 2007, s. 5). Det er også heilt klart at den eventuelle støtte og hjelp barnet får frå øvrige arenaer, som

barnehage og skule, samt fagleg oppfølging, også vil kunne innverke på utviklinga av traumereaksjonane over tid (Dyregrov, 2000, s. 88).

4.2 Barn som opplever vald i heimen og tilknytning

I teoridelen har eg vist til kva tilknytning er, og kva tilknytningsmønster barn kan utvikle med bakgrunn i det tidlege samspelet med omsorgsgjevarane. Eg har også forklart korleis valdsutsette mødrer vert påverka av den valden dei vert utsette for. I denne delen av oppgåva vil eg sjå dette i samanheng for å finne ut korleis barnet si tilknytning vert påverka av vald i heimen.

Tilknytningskvaliteten som utviklar seg reflekterer den evna og kapasiteten omsorgspersonen har til å handtere barnet sine reaksjonar, regulere barnet sine kjensler, og i kva grad omsorgsperson er i stand til å hjelpe barnet med å bearbeide hendingar slik at han eller ho kan forstå desse. Ein forelder som er utsett for vald kan derimot ha vanskar med dette, fordi den valden vedkomande er utsett for gjer ho so skremt, skremmande eller på ein annan måte utilgjengeleg for barnet sitt (Torsteinson, 2011, s.67). I teoridelen såg vi blant anna at mange foreldre som er utsette for vald utviklar tilstandar som posttraumatisk stressforstyring og depresjon. Dessutan strevar også mange med vedvarande vanskar med affektiv regulering, skuld og sjølvbebreiding. Desse vanskane kan påverke foreldrefunksjonen på forskjellige måtar.

Håkonsen (2014) viser mellom anna til at mange psykiske vanskar, kriser, stress og konflikhtar kan medføre at evna til å mentalisere vert svekka (Håkonsen, 2014, s. 213). Mentalisering handlar om å vere merksam på eigne og andre sine kjensler og reflektere over desse. At ein omsorgsperson evnar å mentalisere er difor heilt avgjerande for å kunne forstå og tolke sin eigen og barnet si åtferd. Når denne evna er svak eller skiftande hos ein omsorgsperson vil det vere vanskeleg å imøtekomme barnet sitt behov (Bunkholdt & Kvaran, 2015 s. 74). Koren-Karie (2002) fann nemleg at den evna mødrene hadde til å reflektere rundt kva som låg til grunn for barnet si åtferd, hadde ein nær samanheng med hennar sensitivitet og innleving, og med barnet si tilknytning (referert i Killèn, 2015, s. 213). Barnet vert fråteke erfaringar av å bli forstått og støtta, noko som medfører ei svak utviklingsstøtte, og dermed vert det ein auka risiko for ein tilknytningsforstyrrelse (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 74). Ein lav grad av mentalisering hos omsorgsperson medfører truleg ein utrygg eller desorganisert tilknytning hos barnet (Fonagy, 2004, referert i Eriksen et al., 2011, s.91). Ei svekka mentaliseringsevne hos omsorgsperson kan vi sjå att i dei ulike vanskane valdsutsette foreldre strevar med.

Foreldrestilen til foreldre med posttraumatisk stressforstyrning er blant anna prega av å vere overbeskyttande og kontrollerande. Desse foreldra har i hovudsak ein krevjande relasjon til barna sine. Det mest negative symptomet ved denne tilstanden i forhold til barna er likevel nummenheita. Det medfører at omsorgspersonen ikkje er i stand til å føle noko, har eit manglande engasjement i barna, og unngår situasjonar som kan minne om det som forårsaka traumet (Grøholt, Garløv, Weidle & Sommerschild, 2015, s. 306). Vanlege traumereaksjonar som mødrene kan utvise, som f. eks gjenoppleving og dissosiering, kan verke svært skremmande for barna deira. I tillegg set vanskaner ho ut av stand til å utføre fleire viktige omsorgsoppgåver, som å overvake omgjevnadane for truslar mot barnet og å hjelpe barnet med å regulere ned stress (Eriksen et al., 2011, s. 82-83).

Kvinner som har vore utsette for vald er også i ein større risiko for å utvikle depresjon samanlikna med andre kvinner (Haaland et al. 2005; Golding 1999, referert i Eriksen et al., 2011, s. 84). Dette vil kunne påverke samspelet og tilknytninga mellom mor og barn. Deprimerte personar viser nemleg tendensar til mangelfulle initiativ til samspel, negativitet og irritabilitet og emosjonell fjernheit ovanfor barnet sitt, noko som gjer til at mange av desse barna utviklar utrygg tilknytning (Atkinson mfl., 2000; Martins & Gaffan, 2000; van IJzendoorn mfl., 1999, referert i Kvello, 2015, s. 203). I mange tilfelle kan desse barna også utvikle desorganisert tilknytning (Gartstein & Fagot, 2003; Reck mfl., 2004, referert i Kvello, 2015, s. 203)

Svekka evner til affektregulering kan også påverke mødrenes omsorgsevner og barnets tilknytning. Ifølgje Levendovsky og Graham-Berman (2000a) vil svekka evner til affektregulering kunne medføre at mødrene si omsorgsåtferd kan svinge mellom periodar frå å vere lite engasjerte og fråverande, til periodar der dei er sensitive og kjærlege, eller motsett sinte og aggressive (referert i Eriksen et al., 2011, s. 83). Mødrene si uforutsigbare omsut gjer til at barna aldri vil vere sikre på kva reaksjonar som kan ventast (Eriksen et al., 2011, s. 83). Dersom foreldre er uforutsigbare og mentalt fråverande ovanfor barnet sitt kan dette medføre uhensiktmessige tilknytningsformar (Grøholt et al., 2015, 260). Det strir mot den stabiliteten i omsuta som vi har sett er viktig for å fremme trygg tilknytning. I forhold til tilknytningsmønster eg viste til i teoridelen samsvarar ei uforutsigbar omsorgsåtferd med omsorgspersonane til barn med det utrygge ambivalente tilknytningsmønsteret (Bunkholdt & Kvaran, 2015, s. 72). Ein aggressiv framtoning hos foreldra kan uansett verke skremmande for barn. Små barn har liten føresetnad for å forstå dette, noko som set barnet i ein uløyseleg situasjon der dei verken har moglegheit til å bevege seg vekk og heller ikkje moglegheit til å

finne hjelp for sine kjenslemessige reaksjonar (Eriksen et al., 2011, s. 83). Hesse (2003) viser til at slike situasjonar kan setje barnet i ein tilstand av « frykt utan løysing» (referert i Eriksen et al., 2011, s. 83). Denne tilstanden er kjenneteikna ved tilknytningsåtferda til barn med det desorganiserte tilknytningsmønsteret. Desse barna har som sagt opplevd foreldra som ein trussel, men likevett einaste kjelda til tryggleik, og dei vert difor usikre på korleis dei skal handle ovanfor foreldra (Moe et al., 2010, s. 289).

Vatnar & Bjørkly (2009) visar også til at mange valdsutsette mødrer strevar med skam og skyldbebreiding, og at enkelte også kan bli så fastlåste i desse kjenslene at dei vert ute av stand til å tenke og reflektere rasjonelt over barna sin situasjon, noko som i sin tur kan gå utover barnas behov og sikkerheit (referert i Eriksen et al., 2011, s. 83).

På trass av desse vanskane viser forskning at enkelte valdsutsette mødrer kan vere betre i stand til å møte barna sine emosjonelle behov etter at dei har blitt utsette for vald (Lieberman et al. 2005 a, b, referert i Torsteinson, 2011, s. 67). Dette vil kunne avhenge av foreldra sine erfaringar av omsut frå eigen oppvekst. Forsking viser at dei foreldra som oftast klarer å gjenopprette ei form for tryggleik for barna er dei som har med seg trygge omsorgserfaringar frå eigen oppvekst (Scroufe et al. 2000; 2005, referert i Torsteinson, 2011, s. 67). Sjølv om dette er tilfelle vil uansett ei mor som reflekterer godt rundt barnet sin situasjon utan stress, kunne få ei svekka evne til å mentalisere når ho opplever ein situasjon som truande (Alternativ til vold, 2011, s. 12).

Samstundes kan den grad av vald eit barn har vore eksponert for vere av betydning for utfallet på tilknytningskvaliteten. Levendovsky, Bogat, Huth-Bocks, Rosenblum & von Eye (2011) fann nemleg i sin studie at dei barna som utvikla utrygg tilknytning hadde blitt eksponerte for ein aukande grad av vald mellom foreldra. Medan dei som utviste ein trygg tilknytning hadde blitt eksponert ein vedvarande lav grad av partnervald gjennom forskingsperioden. Studien viser dermed at den graden av vald eit barn opplever kan påverke barnet sitt tilknytningsmønster (Levendovsky et al., 2011). Dette samsvarar med Liberman (2005 a, b) sine funn som viser at omfanget av vald kan vere ein viktig moderator for skadeverknadane (referert i Torsteinson, 2011, s. 67). Ein annan studie av Zeanah, Danis, Hirshberg, Benoit, Miller, Scott Heller (1999) fann ein sterk samanheng mellom partnervald og desorganisert tilknytning hos barn. Vidare viste studien at di meir alvorleg graden av vald var, desto større sannsyn var det for at barnet utvikla desorganisert tilknytning til mor (Zeanah et al., 1999). Desorganisert tilknytning er rapportert i eit fleirtal av studiar om samlivsvald (Karen, 1998, referert i Killèn, 2015, s. 143). Desse barna lever under eit kronisk stress. Barna har opplevd

åtfërda til foreldra som svært skremmande, noko som medfører at dei fryktar sine omsorgsgjevarar (Torsteinson, 2011, s. 71). Det som er viktig å ta høgde for er at denne frykta kan skapast både av den skremmande og den skremde forelderen (Lyons- Ruth & Jacobvitz 1999, referert i Torsteinson, 2011, s. 72). Torsteinson (2011) meiner det truleg er frykta for nettopp den primære omsorgspersonen som dannar grunnlaget for at barnet ikkje klarar å anvende ein samla strategi når tilknytningsystemet vert aktivert (Torsteinson, 2011, s. 72).

5.0 Avslutning/Konklusjon

I denne oppgåva har eg sett nærmare på barn som opplever vald i heimen, og korleis dette påverkar dei. Formålet med oppgåva var å undersøkje om barn kan utvikle traumar av å oppleve vald mellom sine foreldre, samt finne ut korleis valden som føregår i heimen påverkar barnet si tilknytning. I løpet av oppgåva har vi sett at barn som opplever vald i heimen har ein svært belastande kvardag. Dei er alltid på vakt og kjenner seg utrygge fordi dei aldri er sikre på når valden skal oppstå igjen. Å oppleve vald mot mor er like skadeleg for desse barna som om dei sjølve skulle vore utsatt for den. Slike hendingar verkar svært overveldande og kan føre til at dei vert traumatiserte. Studiar viser klare indikasjonar på at barn kan utvikle symptom på traumar av å oppleve vald i heimen, samstundes visar andre studiar at barn reagerer ulikt på slike hendingar. Fleire forhold ved sjølve situasjonen, ved barnet og ved omsorgsmiljøet kan ha avgjerande betydning for barna sine traumereaksjonar. Valden kan derimot utgjere ein dobbel destruktiv kraft gjennom at den kan påverke mødrene på ein slik måte at dei vert sette ut av stand til å yte ein tilfredstillande omsut ovanfor sine barn. Dette kan igjen få ein negativ effekt på barnet si tilknytning. Forsking visar ein klar samanheng mellom barn sine opplevingar av vald i heimen og ein desorganisert tilknytning. Samstundes har vi sett at den graden av vald som barnet opplever kan vere av betydning for utfallet på tilknytningskvaliteten. En aukande alvorgrad rundt valden vil også kunne auke risikoen for at barnet utviklar ein desorganisert tilknytning. Den desorganiserte tilknytninga oppstår særleg når barnet opplever foreldra som ein trussel men likevell einaste kjelda til tryggleik. Når den primære tilknytningsfiguren også representerer ein frykt for barnet vert det særst vanskeleg å anvende ein organisert strategi når tilknytningsystemet vert aktivert.

6.0 Litteraturliste

Alternativ til vold. (2007). *Små vitner til vold*. informasjonshefte om barn som lever med vold i familien (Informasjonshefte). Oslo: Alternativ til vold. Henta frå:

<https://www.bufdir.no/n/Bibliotek/Dokumentside/?docId=BUF00000355>

Alternativ til vold. (2011). *Foreldrearbeid der det er vold i familien*. Erfaringer og anbefalinger fra et klinisk prosjekt ved Alternativ til vold (Veileder). Oslo: Alternativ til vold. Henta frå:

<https://www.bufdir.no/bibliotek/Dokumentside/?docId=BUF00001781>

Blindheim, A. (2012). Eftervirkninger av traumatiserende hendelser i barndom og oppvekst. *Tidskriftet Norges Barnevern*, 89(3), 168-195. Henta frå:

<https://www.idunn.no/tnb/2012/03/ettervirkninger-av-traumatiserende-hendelser-i-barndom-og-o>

Bogat, G.A., Dejonghe, E., Levendovsky, A.A., Davidson, W.S., & Von Eye, A. (2006). Trauma symptoms among infants exposed to intimate partner violence. *Child Abuse & Neglect. The International Journal*, 30(2), 109-125. Henta frå:

[http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/\(SICI\)1097-0355\(199921\)20:1%3C77::AID-IMHJ6%3E3.0.CO;2-S/epdf](http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/(SICI)1097-0355(199921)20:1%3C77::AID-IMHJ6%3E3.0.CO;2-S/epdf)

Borge, A. –I.H. (2010). *Resiliens: risiko og sunn utvikling*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Braarud, H.C., & Raundalen, M. (2011). Familie vold og barns utvikling: Kunnskap fra forskning og praksis. I U. Heltne & P.Ø. Steinsvåg (Red.), *Barn som lever med vold i familien: Grunnlag for beskyttelse og hjelp* (s. 41-50). Oslo: Universitetsforlaget.

Bunkholdt, V., & Kvaran, I. (2015). *Kunnskap og kompetanse i Barnevernsarbeid*. Oslo: Gyldendal Forlag AS.

Dalland, O. (2012). *Metode og Oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Dyb, G., & Stensland, S.Ø. (2016). Helseplager som følge av traumatiske hendelser og utvikling av posttraumatiske stressreaksjoner. I C. Øverlien, M-I. Hauge & J-H. Schulz (Red.), *Barn, vold og traumer: Møter med unge i utsatte livssituasjoner* (s. 45-62). Oslo: Universitetsforlaget.

- Dyrgrov, A. (2000). *Barn og traumer: En håndbok for foreldre og hjelpere*. Bergen: Fagbokforlaget
- Eriksen, I., Heltne, U., & Steinsvåg, P.Ø. (2011). Omsorg for barn i familier der far utsetter mor for vold. I U. Heltne & P.Ø. Steinsvåg (Red.), *Barn som lever med vold i familien: Grunnlag for beskyttelse og hjelp* (s. 81-92). Oslo: Universitetsforlaget.
- Grøholt, B., Garløv, I., Weidle, B., & Sommerschild, H. (2015). *Lærebok i Barnepsykiatri*. Oslo: Universitetsforlaget
- Heltne, U., & Steinsvåg, P. Ø. (2011). Begrepsavklaringer og oversikt. I U. Heltne & P. Ø. Steinsvåg (Red.), *Barn som lever med vold i familien: Grunnlag for beskyttelse og hjelp* (s. 18-27). Oslo: Universitetsforlaget.
- Håkonsen, K. M. (2014). *Psykologi og Psykiske Lidelser*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Isdal, P. (2000). *Meningen med volden*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Isdal, P. (2002). Vold mot mor er vold mot barn- om barn som vokser opp som vitne til vold i familien. *Barn i Norge 2002. Årsrapport om barn og unges psykiske helse utgitt av Voksne for Barn*, s. 49-59. henta frå:
https://www.bufdir.no/global/Barn_i_Norge_2002.pdf
- Justis- og beredskapsdepartementet. (2014). *Et liv uten vold: Handlingsplan mot vold i nære relasjoner 2014-2017*. Henta frå:
https://www.regjeringen.no/contentassets/97cdeb59ffd44a9f820d5992d0fab9d5/hplan-2014-2017_et-liv-uten-vold.pdf
- Killèn, K. (2015). *Sveket I - Risiko og omsorgsvikt- et helseproblem og tverrfaglig ansvar*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Kvello, Ø. (2015). *Barn i risiko: Skadelige omsorgssituasjoner*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Levendovsky, A.A., Bogat, G.A., Huth-Bocks, A.C., Rosenblum, K., & Von Eye, A. (2011). The Effects of Domestic Violence on the Stability of Attachment from Infancy to Preschool. *Journal of Clinical Child & Adolescent Psychology*, 40(3), 398-410. doi:
<http://dx.doi.org/10.1080/15374416.2011.563460>

- Levendovsky, A.A., Huth-Bocks, A.C., Semel, M.A., & Shapiro, D.L. (2002). Trauma symptoms in preschool-age children exposed to domestic violence. *Journal of interpersonal violence*, 17(2), 150-164. Henta frå:
<http://journals.sagepub.com/doi/pdf/10.1177/0886260502017002003>
- Moe, V., Slinning, K., & Hansen, M. B. (2010). *Håndbok i sped- og småbarns psykiske helse*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Prop. 12 S (2016-2017). (2016). *Opptrappingsplan mot vold og overgrep (2017-2021)*. Oslo: Barne- og Likestillingsdepartementet. Henta frå:
<https://www.regjeringen.no/contentassets/f53d8d6717d84613b9f0fc87deab516f/no/pdfs/prp201620170012000dddpdfs.pdf>
- Torsteinson, S. (2011). Små barn utsatt for familievold. Fokus på diagnoser, psykobiologi og tilknytningspsykologi. I U. Heltne & P. Ø. Steinsvåg (Red.), *Barn som lever med vold i familien: Grunnlag for beskyttelse og hjelp* (s. 60-73). Oslo: Universitetsforlag.
- Varvin, S. (2010). Overgrep og traumatisering. I F. Skårderud, S. Haugsgjerd & E. Stänicke, *Psykiatriboken* (S. 411-421). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Wennerberg, T. (2011). *Vi er våre relasjoner*. Oslo: Arneberg Forlag.
- Zeanah, C. H., Danis, B., Hirschberg, L., Benoit, D., & Heller, S.S. (1999). Dizorganized Attachment Associated with partner violence: A research note. *Infant Mental Health Journal*, 20(1), 77-86. Henta frå:
[http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/\(SICI\)1097-0355\(199921\)20:1%3C77::AID-IMHJ6%3E3.0.CO;2-S/epdf](http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/(SICI)1097-0355(199921)20:1%3C77::AID-IMHJ6%3E3.0.CO;2-S/epdf)
- Øverlien, C. (2012). *Vold i hjemmet: Barns strategier*. Oslo: Universitetsforlag

